



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Vegen Haugtjønn - Gjevarvatn

Vedlegg

Dokument i saka

Årsbudsjett og økonomiplan

Bakgrunn

Vinje kommunestyre gjorde følgjande vedtak 17.12.2024 om delar av vegen langs Gjevarvatn: *Kommunestyret ynskjer ei sak om ei større oppgradering av vegen til Gjevarvatn i Øyfjell. Vinje kommune og Seljord kommune gjeng i dialog ang dette.*

Teknisk drift og infrastruktur (TDI) har hatt møte med administrative leiarar i Seljord kommune den 19.03.2025. Tilstades på møte var Egil Birkrem og Kim Remi Bergskås frå Seljord kommune, Tor Gunvaldjord og Tone N. Midtbø frå Vinje kommune. Møtet kan kort oppsummerast slik:

- Jamfør avtale frå 1982 har Seljord kommune ansvaret for drift og vedlikehald av vegen til Gjevarvatn
- Vinje kommune betalar 60 % av vedlikehaldsutgiftene på vegen etter krav og rekneskapsoversikt frå Seljord kommune

Seljord kommune har ikkje sendt krav eller fakturert Vinje kommune dei siste åra men vil gjera dette framover. Vinje kommune ser det ikkje som naturleg at krav fleire år attende skal tilbakebetalast når både rekneskap og årsavslutningar er oppgjort. Avtala frå 1982 punkt 4 syner til rutine for oppgjør mellom Seljord og Vinje kommunar.

Når det gjeld investeringar på vegen er det ynskje om oppgradering frå drivarar av massetaket på eigedom Hyttedalen. Det er eit ynskje om å kunne køyre ut masser heile året noko som krev at vegen tåler slike laster også i teleløyisinga. Det er trong for monaleg oppgradering av vegen til Gjevarvatn for slik bruk.

Vinje kommune sin del av vegen utgjør om lag 1 050 m til Seljord grense. Vidare er avstanden frå Drivarvbekkdalen Fv 3422 til avkøyrsla Hyttedalsvegen om lag 790 m. Det er ingen fastbuande på Vinje kommune si side av vegen, men i Seljord er det om lag 11 folkeregistrerte buande som nyttar vegen. Kjelde SSB 2025.

Vinje kommune har bede om attendemelding frå Seljord om eventuelt samarbeid for utbetring av vegstrekningen på Vinje si side. I følgje representantane frå administrasjonen i Seljord er det truleg ikkje aktuelt for Seljord kommune med større investeringar på vegen no. Vinje kommune må difor vurdere investeringar sjølv.

Vurdering

Vinje kommune har ingen fastbuande på sin del av vegstrekningen mot Seljord. Men drivarane av massetaket på 119/2 ynskjer at kommunen oppgraderar vegen mot fjerning av akselrestriksjonar. Når det gjeld drift av massetaket er denne monaleg utanfor reguleringsplanens grenser og det er difor trong for ny søknad om reguleringsplan.

Eigarane av 119/2 er varsla av planavdelinga i Vinje kommune om trong for revidering av reguleringsplanen for område. Det vart halde oppstartsmøte 12.02.2025 og referatet har følgjande punkt om utbyggingsavtale:

Samtidig med varsel om oppstart av planarbeid skal det varslast oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale knytt til opprusting/vedlikehald av den kommunale vegen. Tiltakshavar har uttrykt eit ynskje om at den kommunale vegen skal rustast opp for å unngå telerestriksjonar. Telerestriksjonar legg begrensningar på drift av massetaket. Tiltakshavar går difor i dialog med kommunen (teknisk avdeling) for å sjå på anledningen til å gjere ei utbyggingsavtale knytt til ei oppgradering av den kommunale vegen.

Administrasjonen i Vinje har no vore i kontakt med tiltakshavar om mogleg utbyggingsavtale for opprustning og bruk av den kommunale vegen. I samråd med tiltakshavar på 119/2 Hyttedalen er TDI samde om at reguleringsplanen, som sikrar vidare drift av massetaket, bør handsamast ferdig før ein går vidare med sjølv utbetringstiltak på vegen. Ei endeleg utbyggingsavtale mellom kommunen og tiltakshavar kan avklarast som eige sak i løpet av hausten 2026, i god tid før budsjettvedtak for 2027.

TDI har gjort ei grov analyse av opprustningsbehovet for vegen med to ulike alternativ. Kostnadar er usikre grunna manglande bereevnemålingar og grunnundersøkingar i området. Erfaringsmessig legg ein til grunn erfaringstal frå liknande prosjekt med prisjustering til dagens nivå.

1. Full oppgradering av vegen (ingen akselrestriksjonar i teleløysing) frå Fv 3422 fram til avkøyrsl til Hyttedalsvegen – normal oppgradering frå krysset ved Hyttedalsvegen til Seljord grense. Kostnadsoverslag på delstrekke utan telerestriksjonar blir omlag 2 500 kr/lm eks mva – det vil sei 1 975 000 eks mva. Vidare normal opprustning med grusing, grøfting og bytting av stikkrenner 1 000 kr/lm – denne delsummen blir då kr 260 000 eks mva. Samla sett blir opprustinga av vegen til Seljord grense 2 235 000 eks mva.

2. Opprustning av dagens veg med akselrestriksjonar som i dag i teleløysinga frå Fv3422 til Seljord grense. Kostnadsoverslag blir omlag 1 000 kr/lm eks mva – totalt 1 050 000 eks mva.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune er positive til ei utbyggingsavtale med eigar av massetak på 119/2 under føresetnad at reguleringsplanen vert godkjent.